



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Fræna kommune

Tilsynsdato: 23.03.2018

Rapportdato: 05.06.2018

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVDINNTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK	7
3.2	MERKNADER	8
4	VIDARE OPPFØLGING	9

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor summera opp nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	07.02.2018 (formøte) 23.03.2018 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Tingplassen 1, 6440 Elnesvågen
Kommunennummer:	1548
Kontaktperson i kommunen:	Anders Skipenes
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Renate Frøyen
Tilsynsrapporten er skriven av:	Renate Frøyen
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Møgstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	05.06.2018
Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:	31.12.2018

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Fræna kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt tildelingsbrev til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2018.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilskapleg ROS-analyse – Fræna kommune	01.02.2016
2.	Overordna beredskapsplan – Fræna kommune	Ikkje datert
3.	Kommunal planstrategi 2016-2019 – Fræna kommune	12.12.2016
4.	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2005-2017 – Fræna kommune	15.12.2014
5.	Kommuneplanen sin arealdel 2015-2027 planomtale	15.12.2014
6.	Kommuneplanen sin arealdel 2015-2017 føresegner og retningslinjer	15.12.2014
7.	Kommunal Planstrategi for Ørskog kommune 2017 – 2020	23.02.2017
8.	Psykososialt kriseteam – rutinebeskriving	00.02.2018
9.	Rapport etter øving «Hevn» 18.08.16	06.09.2016

1.5 Gjennomføring

Formøte med Fræna kommune vart gjennomført 07.02.2018. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 23.03.2018. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Tove Henøen	Ordførar	X	X	X	X
Anders Skipenes	Rådmann/beredskapskontakt	X	X	X	X
Iren Stranden	Leiar psykososial kriseteam		X		X
Merete Rødal	Leiar servicetorget		X		X
Eystein Skjærpe	IKT		X		X
Jens Petter Husøy	Varabrannsjef		X		X
Rune Iversen	Brannsjef		X		X
Odd-Eirik Bergheim	Kommunalsjef		X		
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Renate Frøyen	Seniorrådgjevar		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X			

2 Hovudintrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov. Vi kan derimot ikkje sjå av oversendte dokument at kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er forankra på overordna nivå i planstrategien.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2016, og er planlagt revidert i 2019. Analysen er forankra i kommunestyret, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. Det kan kome betre fram i analysen korleis relevante offentlege og private aktørar har vore involvert i arbeidet med den heilskaplege ROS-analysen. Kommunen har laga ein plan for oppfølging av funna i ROS analysen.

Innspel til revisjon av ROS-analysen:

Potensialet for forbedring ligg i utforminga av akseptkriteria, og involvering av politikarane i fastsettinga av desse. Til neste revisjon av analysen rår vi derfor til at kommunen tek ein gjennomgang av risikoakseptkriteria, og legg desse fram til politisk handsaming før ein går inn i analysearbeidet på nytt. Samtidig vert det viktig å vurdere om dei utfordringane ein er mest bekymra for er med i analysen. Analysen bør vidare vise korleis relevante aktørar utanfor kommunen har blitt involvert i arbeidet.

Beredskapsplanen er ikkje datert, men oppfyller elles alle minimumskrava i forskrifta.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som øve og evaluerer øvingar, men har ikkje hatt hendingar sidan førre tilsyn. Fylkesmannen har fått tilgang til éi øvingsevaluering, men vi har kjennskap til at kommunen har delteke i fleire øvingar. Kommunen bør derfor få skriftleg evaluering inn som ein del av rutineane i etterkant av øvingar.

Kommunen har faste rutinar for møter i beredskapsrådet, men ikkje for kriseleiinga.

Kommunen kan med fordel lage årshjul for beredskapsarbeidet, og varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM. For å sikre overordna forankring av arbeidet med samfunnstryggleik bør kommunen vurdere å utarbeide eit strategisk styringsdokument. Ved utarbeiding av strategiplan/samfunnsplan for nye Hustadvika kommune bør samfunnstryggleiksarbeidet forankrast i desse dokumenta.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte eitt avvik. Tre forhold er kommentert som merknader.

3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Avvik nr. 1

Fræna kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

Regelverkstilvising:

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, litra a og b.

Utdjupande kommentar:

Fræna kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Mål, strategiar, prioriteringar og plan er ikkje fastsett, verken i samband med utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse eller i andre strategiske planar.

3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1 – ROS-analyse

Kommunen bør:

- Gå gjennom risikoakseptkriteria, og leggje desse fram til politisk handsaming før ein går inn i analysearbeidet
- Skildre/dokumentere korleis relevante offentlege og private aktørar har tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
- Forankre langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer i kommunen (strategiplan/samfunnsdelen). Inntil den nye kommunen er på plass, kan dette sikrast gjennom eit strategisk styringsdokument.

Merknad nr. 2 - Beredskapsplanverk

Kommunen bør:

- Datofeste beredskapsplanen
- Revidere beredskapsplanen for betre å stette krava i forskrifta der det er minimumsløysingar, som t.d. plan for kriseinfo til tilsette.
- Revidere beredskapsplanen ved neste korsveg med utgangspunkt i funn/tiltak i handlingsplan til ROS-analysen for betre å imøtekomme forskriftkrava
- Vurdere å flytte varslingslister og ressursoversiktar til CIM.

Merknad nr. 3

Kommunen bør vurdere å utarbeide eit oversiktsdokument / styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eit slikt dokument vil kunne styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbedringspotensial – til dømes:

- tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk
- tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga
- tydelegare rutinar for korleis opplæring av tilsette, og moglege, tilsette i kriseleiinga skal gjennomførast
- tydelegare rutinar for skriftleg evaluering av øvingar
- Vurdere eit årshjul som skildrar aktivitet gjennom året

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber rutinemessig om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Fræna kommune sin uttale til høyring av førebels tilsynsrapport vurderar vi god nok som plan for oppfølging av avviket.

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Fræna kommune å lukke avviket i samsvar på med planen, og seinast innan 31.12.2018.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.